

SAMLA SAKSFRAMSTILLING

Tysnes kommune

Arkivsak : 15/73 -
Arkivkode: 000

Sakshandsamar: Audun Hovland

Handsamingar:

Utvalsaknr.	Utval	Møtedato
PS 10/15	FORMANNSKAPET	18.02.2015
PS 12/15	KOMMUNESTYRET	03.03.2015

HØYRING - OPPHEVING AV KOMMUNELOVA KAPITTEL 5 B - SAMKOMMUNE

Vedlegg: 1. Kommunaldepartementet sitt høyringsskriv av 09.01.15

SAKSUTGREIING:

INNLEIING OG FAKTA:

Som det går fram av vedlagde høyringsskriv ønskjer regjeringa å oppheva det regelsettet i kommunelova(kml) kapittel 5 B som regulerer høvet til å inngå samkommunesamarbeid. Samkommunemodell - løysinga vart teke inn i kml våren 2012. Etter at heimelen for å oppretta samkommunar kom på plass, har det berre vorte oppretta to slike modellar. – Høyringsfristen er sett til 13. april 2015.

Kml gjev også blant anna høve til vertskommunesamarbeid.

Skildnaden på samkommune- og vertskommuneopplegget går først og fremst på at samkommunesamarbeidet legg opp til overføring av mynde frå einskildkommunar til samkommunen på mange og ganske vidtfemnande område. Vertskommunesamarbeidet gjeld til vanleg meir sektoriserede område. I samkommunemodellen vert det formaltjuridiske ansvaret og myndet overført frå dei einskilde kommunane til samkommunen, som dermed vert ein eigen juridisk person. Så ikkje i vertskommuneløysinga, her er det vertskommunen som er det sjølvstendige rettssubjektet. – Me har blant anna vertskommunesamarbeid innan landbruk og skatt; med høvesvis Fusa – og Os som vertskommunar.

Kml § 27 gjev ei anna løysing på interkommunalt samarbeid. Denne paragrafen gjev heimel til å oppretta eit styre som får delegert mynde på eit sakleg avgrensa område. Det er som oftast tale om å oppretta eit sjølvstendig forvaltingsnivå innan eit bestemt område. Dette nivået/styret vert etablert gjennom avtale mellom kommunar/fylkeskommunar eller ved departementalt vedtak.

Fleire kommunar samarbeidar med heimel i blant andre aksjelova og lov om interkommunale selskap(IKS-lova). For vår del kan me mellom anna visa til at samarbeidet i Sunnhordland er

tufta på IKS – lova: Samarbeidsrådet for Sunnhordland IKS; likeså det interkommunale arkiv-samarbeidet i Hordaland: Interkommunalt Arkiv i Hordaland IKS. Me har og samarbeid som er tufta på aksjelova; til dømes gjennom attføringsverksemda Sunnhordland Industri A/S.

VURDERING:

Rådmannen er ikkje kjent med at det har vore drøftingar eller tankar kring samkommunesamarbeid i Tysnes kommune.

Som det går fram er det heller ikkje mange andre kommunar som har ivra for ei slik løysing. Det er berre to formaliserte samkommunesamarbeid som har «sett dagens lys» etter at det vart lagt grunnlag for denne type samarbeid i kml for nærare 3 år sidan.

I og med at eit fleirtal på Stortinget har slutta seg til kommunereforma gjennom Kommune-proposisjonen 2015 –og at det der er varsla at samkommunemodellen vil verta avvikla, samt at regjeringa i proposisjonen klart seier at interkommunalt samarbeid ikkje er eit fullgodt alternativ til større og meir robuste kommunar, er det lite logisk for «lille» Tysnes å bruka tid og energi på å argumentera mot avvikling av heimelsgrunnlaget for samkommunemodellen i kml. – Både kml og andre lover heimlar framleis gode høve til interkommunale samarbeidsløysingar på ei lang rekkje område.

INNSTILLING FRÅ RÅDMANNEN:

Tysnes kommune har ingen merknader til at heimelen for samkommunemodellen i kml kapittel 5 B vert oppheva.

HANDSAMING I FORMANNSKAPET 18.02.2015:

Etter drøfting i formannskapet sette ordføraren fram slikt framlegg til vedtak:

”Tysnes kommune finn det uheldig at heimel for samkommunemodellen i kml kap 5 B vert oppheva. Ei slik avheimling kan verka til å redusera kommunane sitt handlingsrom i det pågåande arbeidet med kommunereforma.”

Ved avrøysting mellom rådmannen si innstilling og ordføraren sitt framlegg vart framlegget frå ordføraren samrøystes tilrådd.

FRAMLEGG TIL VEDTAK FRÅ FORMANNSKAPET 18.02.2015:

Tysnes kommune finn det uheldig at heimel for samkommunemodellen i kml kap 5 B vert oppheva. Ei slik avheimling kan verka til å redusera kommunane sitt handlingsrom i det pågåande arbeidet med kommunereforma.

VEDTAK I KOMMUNESTYRET 03.03.2015:

I samsvar med framlegg frå formannskapet.